

# GENERELLE VILKÅR FOR TURDELTAKING

## Deltakaren sitt ansvar

Deltakarane pliktar å lese programmet grundig og vurdere om ho/han er fysisk/psykisk i stand til å delta på arrangementet, utan belastningar for seg sjølv eller andre. Om ein deltakar er klar over at helsetilstanden ikkje er god, er ho/han forpliktar til å konsultere lækjar. Deltakarane må ha med seg klede/utstyr som eigner seg for turen. Deltakarane pliktar seg til å rette seg etter turleiaren sine rettleiingar. Dersom deltakaren ikkje tilfredsstillar dei fysiske/psykiske krav som vert stilt, eller møter fram med mangelfullt utstyr, kan ho/han nektast å delta eller utelukka frå resten av turen.

## Forsikring

Deltaking skjer på eige ansvar. DNT sine medlemsforeiningar tar ikkje på seg ansvar for økonomiske følgjer av moglege uhell/skadar som måtte inntreffe under arrangementa. Unntak er ansvar på grunn av aktløyse hjå DNT sine medlemsforeiningar og DNT sine turleiarar, slik dette påkviler etter gjeldande lovgjeving. Vi tilrår deltakarane å teikne reise/ulykkesforsikring. Medlemmer av Norsk Folketrygd med bustadadresse i Norge bør ha ei kombinert reise-/ulykkesforsikring. Dei fleste heilårs reiseforsikringar inneheld også ein avbestillingsforsikring. Deltakarane må snarast mogleg gi beskjed til arrangør om sjukdom eller andre uforutsette ting som gjer at ein vert hindra å ta del.

## Avbrot frå deltakar

Om en deltakar må avbryte eit arrangement, er DNT sine medlemsforeiningar ikkje ansvarleg for ekstra kostnader som følgje av avbrotet. I slike høve viser ein til deltakar si private reiseforsikring.

## Avlysing av arrangement

DNT-arrangøren kan avlyse turen på grunn av force majeure, vanskelege tur- og føreforhold, for få påmeldingar, mangel på turleiar eller liknande. Ved avlysing skal arrangøren av turen, om mogleg, underrette deltakarane så snart som mogleg. Deltakarane er ikkje økonomisk ansvarleg ved avlysing.

**Endring av arrangement** DNT-arrangøren skal om mogleg, gjennomføre arrangementet i i samhøve med programmet. Det vert tatt atterhald om at programmet kan måtte endrast på grunn av endringar i rutetider, endra opningstider for overnattingsstader eller særlege tilhøve som gjer det vanskeleg å gjennomføre turen som planlagt. Om mogleg skal arrangøren melde frå om eventuelle vesentlege endringar før avreise. Slike endringar gir deltakaren rett til å trekkje seg frå arrangementet. I tilfelle endringar må gjerast i løpet av arrangementet, skal turleiaren / arrangøren underrette deltakarane så snart som mogleg.

## Bilete

På turar i regi av DNT sine medlemsforeiningar kan det verta tatt bilete av deltakarane i løpet av turen. Desse bileta kan verta nytta i DNT sine og medlemsforeiningane sine publikasjonar og eigne internettsider. Om du ikkje ynskjer å verte fotografert, ver venleg gi melding til turleiar.

## Klager

Turleiar skal straks underrettast om eventuelle klager. Skriftleg utgreiing og eventuelle krav om erstatning skal sendast DNT-arrangør snarast mogleg og seinast ein månad etter at arrangementet er avslutta.